

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Spørsmål 1

Representanten frå Rødt tek opp ei sak som ganske rett opptek mange. I Norge er det brei politisk semje om arbeidslivsmodellen, og velferda vår er tufta på eit godt organisert arbeidsliv.

Fylkesordføraren har ikkje inngåande kjennskap til aktøren Wizz Air, og det framstår som meir og meir uklart kva arbeidsvilkår dei tilbyr sine tilsette. Det bør dei klargjera tydeleg. Det andre dei må tydeleggjera og følgja, er at dei vil følgja norske lover og reglar. Brot på desse reglane, skal sjølv sagt møtast med reaksjonar. Eg forventar at nasjonale styresmakter ser til at næringslivsaktørane følgjer norsk lov og spelereglane i arbeidslivet generelt.

Spørsmål 2

Aktørar som oppfyller dei formelle krava, konkurrerer på like vilkår. Det å gå etter enkeltaktørar som ikkje bryt med desse, er det ikkje rom for. For det andre, er dette komplekset i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale reguleringar og avtalar, der handlingsrommet for fylkeskommunane naturleg nok er avgrensa. Når det er sagt, er det naturleg at fylkeskommunen vil vere ein aktiv forvaltar på alle sine ansvarsområde saman med nasjonale styresmakter. Det gjeld også forvaltinga av lufthamner og flytrafikk. Eg ser det som uaktuelt for fylkeskommunen å kjøpa tenester frå selskap som bryt med norsk lov, og som undergrev spelereglane i arbeidslivet.